



Trening for fullt på Heio, leia av trenar Leif Kristian Skåla frå Rosendal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Oppladinga til den gigantiske fotballturneringa Norway Cup i på Ekebergsetta i Oslo rundt neste månadsskifte er godt igang også i Uskedalen og Rosendal.**



Fire av dei fem uskedelingane som spelar på J 16-laget dette året: Ingeborg Lunde, Anette Sandnes, Monica Helen Sæle Kårstad og Silje Bråtun (frå venstre). Margareth Sæle var ikkje med på treninga denne dagen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fotballrekruttane frå våre bygder stillar med eitt lag i "Jenter 16", eitt lag i "Jenter 14" og eitt lag i "Gutar 16" denne gongen, men det er ingen frå Uskedalen i "Jenter 14". På den andre sida er Uskedalen svært godt representert på dei to andre laga. Det blir 5 uskedelingar i "Jenter 16" og truleg 4 i "Gutar 16".

Dei fire gutane er Thomas Halvorsen, Torbjørn Steinsvik, Dag Rune Myklebust og Benjamin Taranger medan de fem jentene er Margareth Sæle, Silje Bråtun, Anette Sandnes, Ingeborg Lunde og Monica Helen Sæle Kårstad.

Jentene trenar halvannan time på Heio kvar tysdag og torsdag. Dei gjorde det godt i fjor då dei gjekk i 14-årsklassa og det er all grunn til å tru at dei vil hevda seg minst like bra dette året. Det manglar i hvert fall ikkje innsatsvilje og pågangsmot, kunne uskedalen.no registrere under den siste treninga.

Jentene vant i fjor puljespelet etter å ha slått vinnar frå 2006 Spjelkavik samt Skotfoss og spela uavgjort mot Snarøen. Men dei måtte gje tapt for Øygard COOP i sluttspelet, som er cup. I år skal dei møta Sokndal, Falkeid og Arnadal/Vear i puljespelet.

Gutane skal spela mot Sykkylven, Søndre Land og Marienburg-Catchina.

Årets Norway Cup startar 27. juli og varar til 2. august. Dei innleiande kampane (i puljene) blir spela denne dagen, 28. og 29.

Laga frå Rosendal og Uskedalen skal bu på Godlia skule.

Av Ola Matti Mathisen